

HAREID KOMMUNE  
Rådhusplassen 5  
6060 HAREID

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/02612-27

08.04.2024

Ark.: 326.12

## Oppstart av namnesak 2024/96 - Go(d)myra og Rema i Hareid kommune

Hareid kommune har bedt Statens kartverk reise namnesak for to primærnamn som kommunen ønsker å bruke i adressenamn: *Gomyra* og *Rema*, jf. brev datert 20.3.2024.

Kommunen bad Språkrådet om tilråding for ein del adressenamn i brev den 7.2.2024, der namnevala er grunngjevne. Dei fleste forslaga vart tilrådde av Språkrådet den 26.2.2024, men dei hadde merknader knytt til dei to namna det blir reist namnesak på her. Skrivemåten for primærnamnet må derfor fastsettast i namnesak.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Saka gjeld to primærnamn og eit avleidd namn:

Variantar av skrivemåtar	namneobjekttype	
Gomyra – Godmyra	bruk	bnr. 41/4 og 41/884
Rema - Rima	jorde	
Rimabrua - Remabrua	bru (og undergang)	Fylkeskommunen er vedtaksmynde.

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn og nedervde gards- og bruksnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigarar har rett til å uttale seg om bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.**

Etter lova skal skrivemåten fastsettast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet blir uttalt på ulike måtar, ber vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

### Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn eller som namn på konstruksjonar der namnet inngår, jf. § 4 tredje ledd i lova.

Her må fylkeskommunen ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei fastset namn på brua. Kommunen må også ta omsyn til vedtatt skrivemåte når dei fastset adressenamn.

## **Meir om namna i saka**

### ***Rema/Rima***

Saka gjeld rett skrivemåte for eit område nord for Hareidsvegen. Kommunen skriv at området kallast *Rema*. Dei opplyser òg at bnr. 41/42 har blitt kalla *Rema* (matrikkelforma er *Remheim*). Bygdeboka band 5 s. 149 fortel at dei brukte å brenne jonsokbrising på *Rema*, «om lag der Sigvald Holstad sette opp stova si seinare». Namnet må altså vere eldre enn bruket, som vart frådelt i 1907.

Namnet *Rema* er ikkje registrert i sentralt stadnamnregister (SSR). Det er derimot ei bru med skrivemåten *Rimabrua*. Eigendommen 41/607, som vart skilt ut i 1971, har namnet «*Rimbakken*» i matrikkelen.

Her er det viktig å få opplysningar om lokal uttale, som skal vere grunnlag for skrivemåten. Vidare bør det avklarast om rett samansettingsform er med *-a* eller med *-e*. Språkrådet jamfører med *Rimelia/Remelia* på Liaset som er samansett med *-e* (sjå stadnamninnsamlinga i fylkesatlas).

Brunamnet blir tatt med inn i saka. Det er fylkeskommunen som gjer vedtak for brunamn på fylkeskommunal veg.

### ***Gomyra/Godmyra***

Primærnamnet her er namnet på bnr. 41/4. Bygdeboka band 5 s. 168 skriv *Gomyra*, matrikkelforma er *Hareide*. I 1985 vart tunet utskild og fekk namnet *Gomyra* i matrikkelen, bnr. 41/884. Grunneigarane ønsker at begge bruksnumra blir tatt med i saka.

Språkrådet reknar med at førsteleddet er adjektivet *god* og tilrår skrivemåten *Godmyrvegen* for adressenamnet. Lokal litteratur og lokalavisa nyttar med nokre få unntak skrivemåten *Gomyra*, og kommunen foreslår denne skrivemåten i vegnamnet.

## **Bruksnamn**

Etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsette skrivemåten av namn på eige bruk dersom han/ho kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.)

## **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottek brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Lenker: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
Stadnamninnsamlinga i fylkesatlas: [https://www.fylkesatlas.no/stadnamn\\_alle](https://www.fylkesatlas.no/stadnamn_alle)

Kopi SPRÅKRÅDET  
Kristoffer Hagen, HAREID KOMMUNE  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Med venleg helsing

Helge Dønvold  
seksjonssjef

Berit Sandnes  
stadnamnansvarleg

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi SPRÅKRÅDET  
Kristoffer Hagen, HAREID KOMMUNE  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE